

Gjønavatnet-Kikedalen

KJEMPEKLØFTA

Frå Mundheim i Kvam i sør til Frøland i Samnanger i nord går det ei gigantisk kløft gjennom heile Fusa kommune. Og langs Mundbeimsdalen har riksvegen lange, rette strekningar. Forklaringa er å finna i geologien.

Vegen går nemleg langs ei av dei store, nesten nord-sør-orienterte forkastingane som skjer seg gjennom berggrunnen i Hordaland. Ikkje berre Mundbeimsdalen, men også Gjønavatnet, Kikedalen og den 500 meter djupe Øynefjorden som skil Varaldsøy frå fastlandet, er utgravne av vatn og is langs denne forkastinga.

Forkastingsdalar kan ein kalla terrengformer som er gravne ut langs slike store, ofte rette forkastingar. Slike dalar har gjerne stupbratte dalsider, der skred og ras kan skapa vanskar for dei som bur og ferdist der. Både ved Mundheim (®482) og Gjøn og i Kike-

dalen har det gått ras. Gjøn, på austsida av Gjønavatnet, var både i 1997 og 1998 isolert frå omverda. Ein hadde merka at den smale grendevegen seig alt før 1997, men først dette året vart det så gale at det vart stenging. Etter store nedbørmengder i februar 1998 seig så heile vegen ned i det djupe Gjønavatnet. Glimmerskiferen og rasmassane hadde forvittra til ei leiirg forvittringsjord i det skrå terrenget. Etter det kraftige regnvêret fekk jorda auka tyngd og minska friksjon, slik at vegunderlaget skei ut.

Mindre forkastingar lenger vest i Fusa har skapt furer i terrenget som skil ut fjelltoppane Fusafjellet, Håvikamulen, Haugafjellet og Rødsfjell. Langs nokre få av desse forkastingane, som ved Baldersheim og vest for Sævareid, har ein funne diabasgangar lik dei ved Espevik på Tynesnes (®292) og fleire andre stader i Sunnhordland. Dette er dei austlegaste gangane av denne typen ein kjenner til på Vestlandet.

Mundbeimsforkastinga - ei av dei lengste forkastingane i fylket - kryssar Hardangerfjorden og held fram gjennom Mundbeimsdalen og vidare langs Gjønavatnet og inn Kikedalen.

(Haakon Fossen)

I februar 1998 måtte folket på Gjøn la bilen stå og i staden ta beina fatt forbi rasstaden. Vegen hadde banna i Gjønavatnet.

(Rune Sævig)

KIKEDALEN

Stupbratte fjellsider ragar over tusen meter rett til vêrs i ville og tronge KIKEDALEN ved enden av Gjønavatnet. Sjølv midtsommars er det berre sju soltimar nede i dalbotnen. I kraftig regnvêr dansar eit utal små og store fossar nedover fjell-sidene.

Nedst mot Gjønavatnet dannar dalbotnen ei vel tre hundre meter vid og flat beitemark. Oppover dalsidene er det frodig edellauvskog, med mellom anna ask, alm, hassel og bjørk. Lenger inne, nedanfor Setebaugtjørna, har ras fylt opp heile dalbotnen med storblokka ur, slik at elva frå Setebaugtjørna oftast renn djupt nede i ura.

Ein halv kilometers veg nordover frå dette vatnet smalnar dalen til eit bratt gjel langs Skaraelva. I dette gjelet går ein gammal ferdsllestig over fjellet til Frøland i Samnanger.

I Kikedalen var det fast busetnad gjennom heile jernalderen og fram til svartedauden. Ruinane av gardshusa ligg på terrassen nede ved vatnet. Segna fortel at den siste kikedalsbonden levde av husdyrhold og jakt. Lauvfôret i dalen vart rekna som så verdifullt at andre bønder heldt fram med lauinga etter at garden var nedlagd. Granskingar av vegetasjonshistoria stadfester at det har vore sankt lauv frå edellauvskogen i meir enn 1500 år. Tradisjonen tok slutt i 1950-åra, 600 år etter at kikedalsbonden la ned sigden.

Kikedalen har så særprega topografi, vegetasjon og kulturbistorie at området er med på den nasjonale lista over særleg verdifulle kulturlandskap. Merkt stig til Kikedalen startar på Gjøn.

